



# ROVVILTNEEMNDA I REGION 1

## Vest-Agder, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane

Adresseliste

Dykkar ref:                      Vår ref.:                      Arkivnr.:                      Dato:  
2012/68                      433.52                      12.09.2012

### **Vedtak om lisensfelling av ulv og jerv, samt kvotefri gaupejakt i Region 1 i perioden 2012/2013**

Rovviltneemnda møtte i Sogndal 30.08.2012. Desse møtte: Noralv Distad, Oddny Omdal, Sveinung Stensland, Sveinung Valle og Marit Barsnes Krogsæter. Frå sekretariatet møtte Birger Aasland og Anders Braa.

Dette brevet blir lagt ut på rovviltneemdene sine sharepointsider og på vår heimeside [www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland) under miljøvernavdelinga og rovviltneemnda.

#### **Vedtak**

##### **Sak 12/12: Kvotefri jakt på gaupe**

*1. Rovviltneemnda opnar for kvotefri jakt på gaupe i heile Region 1 i 2013. jakttid er 1. februar til 31. mars. For utøving av jakta gjeld reglane i viltlova med tilhøyrande forskrifter.*

*2. Felling eller forsøk på felling skal så snart som råd meldast til Fylkesmannen. Felte dyr skal dessutan framsynast til Statens naturoppsyn for prøvetaking m.v. med opplysning om kjønn, alder, tidspunkt for felling og fellingsstad.*

*3. Fangst av gaupe skal utøvast etisk forsvarleg og i samsvar med reglane for bruk av fangstreiskap. Bruk av fangstreiskap krev godkjenning frå Fylkesmannen*

##### **Sak 13/12:Lisensfelling av jerv**

*1.Rovviltneemnda opnar for lisensfelling av jerv i perioden 10.09.2012 – 15.02.2013. Kvota er sett til 5 jervar som kan takast ut i heile regionen. Irregulær avgang eller skadefelling gjennomført etter nemnda/DN sitt vedtak blir belasta kvota.*

*2. Desse bestemmelsane gjeld for lisensfellinga:*

*- Oppdatert informasjon om kvote blir lagt ut på tlf. 51568900. Alle jegerar pliktar*

Postadresse:  
Rovviltneemnda i region 1  
c/o Fylkesmannen i Rogaland  
Miljøvernavdelinga  
Postboks 59  
4001 Stavanger

Leiar for rovviltneemnda:  
Noralv Distad  
Postboks 53, 5741 Aurland  
Telefon: 91374976  
noralv.distad@sfj.no  
<http://www.fylkesmannen.no/rogaland>

Sakshandsamar:  
Anders T. Braa, viltforvaltar  
Telefon: 51568914  
anders.braa@fmro.no

*å halde seg orienterte om kvoten som er att.*

*- Felt dyr skal straks meldast til Fylkesmannen og kommunen. Felt dyr skal synast fram for Statens Naturoppsyn for kontroll. Den som skyt på jerv utan at han blir felt pliktar å melde frå straks til Fylkesmannen, kommune og politi. Fylkesmannen avgjer korleis det vidare ettersøket skal gjennomførast.*

*- Hagle og rifle er tillate ved lisensfelling på jerv. Sjå elles viltlova sine bestemmelsar for mellom anna utøving av jakt, felling og fangst (forskrift av 22.mars 2002, sist endra 16.05.2012).*

*- Det er høve til bruk av bås til fangst av jerv dersom det etter søknad blir gitt løyve til det av Fylkesmannen.*

*- Det er ikkje høve til å nytte snøskuter.*

*- Lisensfelling er knytt til eigedomsretten til jakt og fangst. Løyve frå jaktrettshavar til lisensfelling er difor naudsynt.*

*- Fylkesmennene administrerer lisensfellinga.*

### **Sak 13/12 Lisensfelling av ulv**

*1.Rovviltnemnda opnar for lisensfelling av 2 ulvar i Vest-Agder fylke i perioden 1.10.2012 – 31.03.2013.*

*Eventuelle uttak på skadefellingskvote blir trukke fra lisensfellingskvoten.*

*Rovviltnemnda kan til ei kvar tid oppheve eller endre vedtaket dersom nye opplysningar gjev grunn til det.*

### **Felles grunngeving for alle vedtaka**

Rovviltnemnda syner til at heile regionen er ei prioritert sone for beitedyr utan krav om årlege ynglingar av dei store rovpattedyra. Viktigaste førebyggjande tiltak her er felling.

Vedtaka er etter nemnda si vurdering ikkje i strid med nasjonale mål for rovvilt eller forvaltingsmålet for artar, jf natumangfaldlova §5.

### **Klage**

Rovviltnemnda sitt vedtak om lisensfelling og kvotefri jakt kan påklagast til Miljøverndepartementet innan tre veker, jf forvaltningslova §§ 28 og 29. Ei eventuell klage skal rettast til Miljøverndepartementet, men sendast rovviltnemnda v/sekretariatet (Fylkesmannen i Rogaland).

Med helsing

Noralv Distad  
leiar for rovviltnemnda

Vedlegg: Saksframlegg frå sekretariatet

Adresseliste pr epost:

Rovviltnemnda i Region 1  
Rovviltnemnda i Region 2, ved Fylkesmannen i Buskerud  
Rovviltnemnda i Region 3, ved Fylkesmannen i Oppland  
Fylkesmennene i Vest-Agder, Sogn og Fjordane og Hordaland  
Direktoratet for Naturforvaltning  
Sogn og Fjordane Bondelag v/Merethe Støfring  
Mattilsynet, regionkontoret Agder og Rogaland  
Mattilsynet, regionkontoret Hordaland og Sogn og Fjordane

## Saksframlegg frå sekretariatet

### *12/12: Jakt på gaupe i regionen i 2013. Vedtak om eventuell kvotefri jakt.*

#### *Politiske føringar og lovverk*

Desse dokumenta er lagt til grunn for saksframlegget:

- St.meld.nr. 15 (2003-2004) Rovvilt i norsk natur
- Innst.S.nr 174 (2003-2004)
- Lov av 19.06.2009 nr 100. Lov om forvaltning av naturens mangfold
- Forskrift av 19.03.2005 Om forvaltning av rovvilt
- Forvaltningsplan for rovvilt i Region 1, revidert i 2009
- Data frå overvakingsprogram for rovvilt
- Rovviltforliket i Stortinget, Dokument 8:163 S(2010-2011) av 16.06.2011

#### *Saksopplysningar*

MD sitt brev av 22.10.2009 sett krav om at vedtak om gaupejakt må gjerast innan månadskiftet november/desember året før av omsyn til klagesakshandsaminga. Etter sekretariatet sin oppfatning ligg det føre tilstrekkeleg informasjon til å gjere vedtak om dette allereie no.

Rovdata syner i brev til Direktoratet for naturforvaltning av 16.05.2012 til bestandstatus for gaupe i landet. Gjennomsnittleg er det registrert 74 ynglegrupper av gaupe målt ved "normale" avstandskriteriar, fordelt på 80 i 2010, 74 i 2011 og 69 i 2012. Nasjonalt bestandsmål er 65. 80 gauper blei felt i kvotejakta i landet i år. Prognose for bestandstorleik før jakt i 2013 er 70 familiegrupper.

I Region 1 er det ikkje krav om årlege ynglingar, og nemnda vil difor alltid ha mynde til å vedta gaupejakt. Etter rovviltforskrifta skal gaupejakta vere kvoteavgrensa, men det kan gjerast unnatak ved å fastsette kvotefri jakt i visse høve, jf forvaltningsplanen. Rovviltnemnda har i fleire år vedteke kvotefri jakt på gaupe i heile regionen. Jakttida er i februar og mars månader.

#### *Vurdering*

Trass i mangel på registreringar av familiegrupper (1 i 2012), finst gaupe spreidd fleire plassar innafor regiongrensa. Gaupe som skadevaldar på sau ser ut til å vere eit aukande problem, særleg i Sogn og Fjordane. Bestanden er over bestandsmålet, sjølv om den er i reduksjon. Sekretariatet vil rå til å halde fram med kvotefri jakt i heile regionen.

#### *Framlegg til vedtak*

*1. Rovviltnemnda opner for kvotefri jakt på gaupe i heile Region 1 i 2013. jakttid er 1. februar til 31. mars. For utøving av jakta gjeld reglane i viltlova med tilhøyrande forskrifter.*

*2. Felling eller forsøk på felling skal så snart som råd meldast til Fylkesmannen. Felte dyr skal dessutan framsynast til Statens naturoppsyn for prøvetaking m.v. med opplysning om kjønn, alder, tidspunkt for felling og fellingsstad.*

*3. Fangst av gaupe skal utøvast etisk forsvarleg og i samsvar med reglane for bruk av fangstredskap. Bruk av fangstredskap krev godkjenning frå Fylkesmannen.*

4. Rovviltnemnda kan til ein kvar tid gjere om vedtaket dersom ny informasjon ligg føre.

**13/12: Lisensfelling av jerv og eventuelt ulv i regionen 2012/2013. Vedtak om kvotestorleik, fellingsområde og andre vilkår.**

*Politiske føringar og lovverk*

Tilsvarande som under sak 12/12.

*Saksopplysningar*

Lisensfellingsperioden for jerv er 10. september til 15. februar. Det er ikkje nasjonale mål om ynglingar av jerv eller anna rovvilt i Region 1. Rovviltnemnda har difor alltid mynde til å kunne vedta kvote for lisensfelling etter rovviltforskrifta §7. I Region 1 er det store beiteinteressar, og tiltak mot rovviltskade vil i stor grad vere ulike former for felling. Stortinget har seinast i rovviltforliket frå i fjor sommar understreka at lisensfelling skal vere viktigaste reiskap for felling.

Det er likevel slik at også i Region 1 skal ein ta omsyn til nasjonale mål for jerv. Difor er det og krav om fastsetting av kvote. Rovviltnemnda skal legge til grunn data frå nasjonalt overvakingsprogram, SNO sin dokumentasjon av førekomsten av jerv i Region 1 og tilgrensande område i spesielt Region 3, og skadesituasjonen ved vedtak om lisensfelling på jerv (jf forvaltingsplanen pkt 8.7). Miljøverndepartementet har i handsaming av klagesak streka under på at ”*prinsippet om arealdifferensiering ikke er ensbetydende med at områder som er prioritert til beitebruk til enhver tid skal være frie for rovvilt, eller at beitedyr skal utelukkes i områder hvor rovdyr gis prioritet.*”

Rovviltforliket gjentar regjeringa si hovedprioritering av lisensfelling som hovedregime for uttak av jerv. Ekstraordinære uttak skal haldast så låge som råd. Samstundes er det sagt at ”*i de tilfeller der lisensfelling ikke gir tilfredsstillende uttelling, skal miljøforvaltningen så langt det er mulig sørge for at resterende kvote tas ut i de områdene lisensfellingskvote er gitt. Uttak i det som av rovviltnemndene er definert som prioriterte beiteområder i de enkelte regionene blir prioritert.*” Region 1 er fullt ut definert som prioritert beiteområde.

Det nasjonale overvakingsprogrammet ( NINA rapport 614) estimerer ein gjennomsnittleg bestandstorleik for jerv på 50 overlevande ynglingar i landet. Tal frå 2012 er ikkje med i dette estimatet. Så langt i år er det registrert 69 ynglingar i landet. Pr 28.05 i år var 13 ynglehi tatt ut av SNO i tillegg til 21 einskilde jervar som ekstraordinære uttak.

Ingen jerv blei felt på lisensfelling i sesongen 2011/2012 i region 1 av ei kvote på 6 dyr. Sidan desember 2012 er det tatt ut eitt jervhi, 2 hannar og ei jervtispe i regionen, alle i Sogn og Fjordane. Jervebestanden i landet ligg over nasjonalt bestandsmål.

Erstatningsoppgjøret for tap av bufe til rovvilt syner desse tala i form av tal tapte sau og lam som det er utbetalt erstatning for etter beitesesongen 2011:

	<b>Gaupe</b>	<b>Jerv</b>	<b>Bjørn</b>	<b>Ulv</b>	<b>Kongeørn</b>	<b>Uspesifisert</b>
<b>Sogn og Fjordane</b>	78	293	0	0	112	2
<b>Rogaland</b>	6	59	0	0	17	0
<b>Hordaland</b>	1	1	0	0	2	0
<b>Vest-Agder</b>	23	0	71	0	42	0
<b>Totalt</b>	<b>108</b>	<b>353</b>	<b>71</b>	<b>0</b>	<b>173</b>	<b>2</b>

#### *Sekretariatet si vurdering*

I følgje Rovbase er det ikkje dokumentert tap til jerv i regionen så langt i år. Det er likevel typisk at dei fleste jervskadar oppstår i slutten av beitesesongen, frå midten av august. I Skjåk kommune i Oppland er det 2 ynglehi, ikkje langt frå grensa mot Sogn. Jerv er dokumentert på sporsnø i Suldal, Rogaland i mars i år. Etter mange ekstraordinære uttak i særleg i Sogn og Fjordane dei seinare åra er det truleg lite jerv igjen i regionen. Det er heller ikkje auke i bestanden den sørvestlege delbestanden, slik det er i områda lenger nord i landet.

På den eine sida er det viktig å ha ei tilstrekkeleg kvote for å kunne ta ut jerv på lisensfelling. Det gjeld både dei få dyra som framleis kan tenkast å ha fast tilhald innafor regiongrensa, men ikkje minst dyr som nyttar grenseområde mot Oppland og kanskje og Agder/Telemark. Jerven sin vandringskapasitet og utfordringa med å framskrive situasjonen fram til midten av februar gjer det vanskeleg å gje råd om ei talfesta kvote. SNO sin statusrapport på møtet vil likevel vere nyttig.

På den andre sida tilseier røynslene med lisensfelling at få dyr blir tatt ut i Region 1. Uttaket varierar mellom 0 og 1 dyr pr sesong. Restkvoten blir difor stor, og etter teksten i rovviltforliket kan ein tolka det slik at restkvotene blir i større grad enn tidlegare styrande for DN sine prioriteringar av ekstraordinære uttak, særleg i beiteprioriterte område. Etter vår meining må prioriteringa ta utgangspunkt i aktuell førekomst og skadepotensiale. Det bør difor vere eit mål å unngå store restkvoter. Det kan gjerast ved å fortsatt arbeide for ei meir effektiv jervfelling og ved å fastsette ei realistisk fellingskvote.

Sjølv om førekomsten av jerv tilsynelatande er meir spreidd enn før, vurderar vi sjansen for innvandring framleis som størst i Indre Sogn. Det er lite som tydar på at observasjonane i sørleg del av regionen er meir enn eitt individ.

#### *Framlegg til vedtak*

1. Rovviltnemnda opnar for lisensfelling av jerv i perioden 10.09.2012 – 15.02.2013.

Det avgrensast 2 område for felling:

*Delar av Sogn og Fjordane og Hordaland fylke slik det går fram av kart og omtale under:*

*Frå fylkesgrensa mot Møre og Romsdal i Hornindal på austsida av Rv 60 fram til Byrkjelo. Vidare langs E39 til Romarheim, Fv 569 til Dalseid og E16 til Voss, Rv 13 og Fv 572 til Ulvik. Langs Eidfjord og Riksveg 7 til fylkesgrense Buskerud ved Halne. Fellingskvoten for dette området er 2 jervar.*

*I tillegg er det opna for felling i heile regionen: 1 jerv.*

*Til saman kan det fellast 3 jervar i Region 1. Irregulær avgang eller skadefelling gjennomført etter nemnda/DN sitt vedtak blir belasta kvoten.*

*2. Desse bestemmelsane gjeld for lisensfellinga:*

- Oppdatert informasjon om kvote blir lagt ut på tlf. 51568900. Alle jegerar pliktar å halde seg orienterte om kvoten som er att.*
- Felt dyr skal straks meldast til Fylkesmannen og kommunen. Felt dyr skal synast fram for Statens Naturoppsyn for kontroll. Den som skyter på jerv utan at han blir felt plikter å melde frå straks til Fylkesmannen, kommune og politi. Fylkesmannen avgjer korleis det vidare ettersøket skal gjennomførast.*
- Hagle og rifle er tillatt ved lisensfelling på jerv. Sjå elles viltlova sine bestemmelsar for mellom anna utøving av jakt, felling og fangst (forskrift av 22.mars 2002, sist endra 16.05.2012).*
- Det er høve til bruk av båa til fangst av jerv dersom det etter søknad blir gitt løyve til det av Fylkesmannen.*
- Det er ikkje høve til å nytte snøskuter.*
- Lisensfelling er knytt til eigedomsretten til jakt og fangst. Løyve frå jaktrettshavar til lisensfelling er difor naudsynt.*
- Fylkesmennene administrerer lisensfellinga*

### **Eventuell lisensfelling av ulv i Vest-Agder**

Grunneiernes frittstående organisasjon i Vest-Agder har bede nemnda om å opne for lisensfelling av ulv på Agder i år. Lisensfellingsperioden for ulv er 1. oktober til 31.mars. Bakgrunnen for søknaden er at det pr i dag er 2 ulvar i Vest-Agder som så langt har drepe minst 29 lam (jf Rovbase). Fylkesmannen har gjeve skadefellingsløyve på 2 ulvar i heile fylket fram til 30. september til det interkommunale skadefellingslaget. I følgje brev frå Fylkesmannen i Vest-Agder er det ikkje meir pengar att på FKT-budsjettet, slik at det ikkje er mogleg å finansiere fellinga. Fellingsforsøka stoppa difor opp. Etter det har nemnda gitt tilsegn om å overføre kr 64 000,- frå FM Rogaland til FM Vest-Agder til dette føremålet.

Lisensfelling kan ikkje erstatte behov for akutt skadefelling. Vi legg til grunn at naudsynt skadefelling blir iverksett uavhengig av budsjettstatus pr i dag.

Felling av ulv på barmark er uansett svært krevjande, og det kan godt hende det framleis er ulv på Agder når vi kjem til oktober. I så fall kan det vere aktuelt å opne for lisensfelling. Bestandsmålet for ulv i Noreg blei nådd i 2011 med 3 heilnorske ynglingar innafor forvaltningssona. Status for i år er førebels uviss.

Det bør settast som vilkår for ei eventuell lisensfelling at DNA frå dei to ulvane blir analyserte før 1. oktober, dersom det er grunn til å tru at dei begge er i området. Vi er kjend med at DNA er samla inn for ein av dei. Vi syner til "Felles retningslinjer for forvaltning av genetisk viktige individer i den skandinaviske ulvepopulasjonen" jf brev frå DN 1. juni 2012.

#### *Framlegg til vedtak*

*Rovviltnemnda vil opne for lisensfelling av 1 ulv i Vest-Agder dersom SNO kan sannsynleggjere førekomst av ulv i fylket umiddelbart før 1. oktober og dersom DNA-analyse av ulvane som er der no ikkje er genetisk viktige.*

*Nemnda tar endeleg stilling til spørsmål om lisensfelling, avgrensing og vilkår pr telefonmøte eller epost etter 15. september.*